



VINDAFJORD KOMMUNE

Vikebygd barnehage

Årsplan 2022-2023



**Kommunal barnehage i same eining som skulen
Vik skule og barnehage**

**Opningstid:
Måndag- fredag 06.45 -16.30**

Tlf. barnehagen 53655739 mob:91579322

**E-mail
anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no**

Tlf. einingsleiar 53655730 / 92241257

Innhald

Innhald	2
Innleiing	3
Årsplanen har fleire funksjonar	3
1. Rammefaktorar	4
2. Praktisk og generell informasjon	5
Informasjon om barnehagen.....	5
Personalet.....	5
Opningstid og dagsrytme.....	5
Rutinar rundt bringing og henting av barna.....	6
Høve til å kjøpa ekstra tid.....	6
Klede og utstyr som barna treng.....	7
Korleis ein kan ta kontakt med barnehagen.....	7
Kva informasjon barnehagen gir ut og korleis.....	7
Tradisjonar og merkedagar	7
Årshjul med planleggingsdagar og feriar	8
BTI Betre tverrfagleg innsats.....	8
3. Føremål og verdigrunnlag	9
Barnehagen sitt føremål	9
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	9
4. Innhaldet i barnehagen - omsorg, leik og læring	10
Omsorg og oppseding	10
Leik	11
Læring.....	11
Sosial kompetanse	11
Språkleg kompetanse.....	12
Barnehagen som kulturarena	12
5. Fagområda	13
Kommunikasjon, språk og tekst.....	13
Kropp, bevegelse og helse	13
Kunst, kultur og kreativitet	13
Natur, miljø og teknikk.....	13
Etikk, religion og filosofi.....	13
Nærmiljø og samfunn	14
Antall, rom og form	14
6. Satsingsområde	14
7. Overgang barnehage – skule	15
9. Dokumentasjon	16
10. Vurdering	16
11. Samarbeid	17
Samarbeidsutvalet	17
Sentrale samarbeidspartnarar	17
Andre sentrale arenaer for samarbeid og utvikling	17
Tieplikt.....	18

Innleiing

Rammeplanen,
s.37: Alle barnehagar
skal utarbeida ein
årsplan.

s.38: "Årsplanen har
fleire funksjonar:

- *Arbeidsreiskap for barnehagepersonalet til å styra verksemda i ei bevisst og uttalt retning*
- *Utgangspunkt for foreldra til å kunna påverka innhaldet i barnehagen*
- *Grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen*
- *Informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen til eigaren, politikarane, kommunen, samarbeidspartar og andre interesserte"*

Årsplanen har fleire funksjonar

For personalet er årsplanen ein arbeidsreiskap for å styra verksemda i ei medvite og uttala retning.

Årsplanen gir samstundes foreldre/ føresette høve til å kunna påverka innhaldet i barnehagen og den dannar grunnlaget for kommunen sitt tilsyn med barnehagen.

Vidare gir årsplanen informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til andre interesserte.

Årsplanen blir kvart år vedtatt av barnehagen sitt samarbeidsutval. Det er barnehagen sin styrar som har ansvaret for det faglege innhaldet i årsplanen.

I Vindafjord kommune er det utarbeida felles mal for årsplanarbeidet.

Denne planen for barnehagane i Vindafjord kommune byggjer på Rammeplanen frå Kunnskapsdepartementet

1. Rammefaktorar

Styringsdokument som ligg til grunn for drift av barnehagane og som barnehagane byggjer sine planar på, er:

- Barnehagelova (Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar)
- Rammeplanen 2017 (Forskrift til barnehagelova)
- Vedtekter for barnehagane i Vindafjord kommune (2019)



Barnehagane er sjølvstyrte einingar med barnehagestyrar som einingsleiar (med unntak av dei krinsane der barnehage og skule er ei sams eining med rektor som einingsleiar). Styrar/rektor rapportera direkte til kommunalsjef. Han er ein del av leiargruppa til rådmannen, og desse har m.a. skule- og barnehagefaglege rådgjevarar i sin stab. Barnehagen får sin økonomi fastsett i kommunen sitt budsjett.

Internettadressene til dei viktigaste styringsdokumenta:

Barnehagelova:

<http://www.lovdato.no/all/nl-20050617-064.html>

Rammeplanen: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Vedtekter for barnehagane:

<https://www.vindafjord.kommune.no/f/p14/ife07fa2c-6664-43f1-979a-52e93ecf1949/vedtekter-for-kommunale-barnehagar-i-vindafjord.pdf>

2. Praktisk og generell informasjon

Informasjon om barnehagen

Skulen og barnehagen i Vikebygd har frå 2006 vore organisert som ei eining - Vik skule og barnehage. Barnehagen heiter **Vikebygd barnehage**. Adressa vår er: Vikevegen 1264 5568 VIKEBYGD. Viktige telefonnummer og mail adr.er:

Barnehagen 915 79 322 eller 53655739

Skulen: 53655730

Anne Marte W. Tveit (einingsleiar): 92241257

Email: anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no

Berit Skartland (merkantil): 53655732/ 90515628

Email: Berit.R.Skartland@vindafjord.kommune.no

Vikebygd barnehage er ein kommunal barnehage, der kommunen er eigar.

Barnehagen vår blei opna i 1977. Fram til 1990 var barnehagen lokalisert i bygdauset. Frå 1990 til 2008 var barnehagen i same lokala som skulen, ein "lånte" to klasserom som blei brukt til barnehage.

I september 2008 flytta me inn i nye lokaler. I nybygget er det og personalavdeling for heile eininga, klasserom for 1.-2. klasse og SFO. Me har eit fint uteområde som ligg nær boligområda i Vikebygd, og er næraste nabo til eit flott friluftsområde med gangavstand til sjøen.

Barnehagen har 33 plassar for barn i alderen 0-6 år.

Det er kommunen som til ei kvar tid sender rekning på barnehageopphaldet. Det vert gitt syskenmoderasjon.

Barnehagen si opningstid er måndag til fredag frå kl. 06.45 – 16.30.

I Vindafjord kommune sine vedtekter for barnehagar står det at borna si opphaldstid i barnehagen ikkje bør vera over 9 timar pr. dag.

Personalet barnehageåret 2022- 2023

Namn	Stilling	%
Anne Marte W. Tveit	Einingsleiar/ Styrar	35
Ellen Skretteberg	Assistent	100
Anne Wenche Vik	Fagarbeidar	100
Lene Bjerga	Pedagogisk leiar	100
Håvard Lothe	Pedagogisk leiar	100
Charlotte F. Myklebust	Assistent	100
Shirley Xie	Assistent	20

Vikarar: Shirley Xie, Camilla Bjørnevik og Tobias S. Sætre. Det er i år 21 barn i barnehagen.

Opningstid og dagsrytme

I Vikebygd barnehage har vi ikkje ein fastspikra dagsrytme, den varierar, men det er enkelte ting vi gjer kvar dag. Dagsrytmen i barnehagen ser slik ut:

- 06.45 Barnehagen opnar. Vi har ein roleg start på dagen.
- 07.30- 08.30 Frukost for dei som ynskjer det. Barna et når det passar dei. Dei vel sjølv om dei vil ha smørjemat, varme osteskiver eller graut.
- 09.00-ca 11.00 Samlingstund, grupper med aktivitetar som forming, song og musikk, språkgrupper, spel, osb. Bruk av gym.sal, lavvo eller ut på tur.
- Ca. 10.45 - 11.30 Lunsj, smørjemat, varm mat eller mat tilberedt ute om me er på tur + frukt og grønnsaker.
- Ca. 12.00 Uteleik
- Ca. 14.00. Yoghurt og/eller påsmurte skiver + frukt og grønnsaker. Me et ute eller inne etter vær og årstid.
- 16.30. Barnehagen stenger

Rutinar ved bringing og henting av barna

Dersom det ikkje er personal i garderoben når de kjem om morgonen, **skal** barnet følgjast inn på avdelinga. Barnet skal alltid vaska hendene før dei kjem inn, dette for å redusera smitte.

Foreldra skal gi beskjed til personalet i barnehagen når de hentar barnet, slik at me til ei kvar tid veit kven som er igjen i barnehagen og kven som har gått heim.

Foreldra må skrive kven som har lov til å henta barnet på MyKid eller i eige skjema. Dersom nokon som ikkje står på lista skal henta, må foreldra gi beskjed til barnehagen.

Barnet bør bli levert i barnehagen innan kl. 09.00 om morgonen. Dette for at barnet skal få ein god start på dagen. Det er lettare å komma inn i leiken om ein ikkje kjem for seint til barnehagen. Aktiviteter og samling starta ca.kl.09.00.

Sjukdom

Dersom barnet er sjukt skal barnet vera heime. Dette fordi det er best for barnet og grunna smittefaren ein utset dei andre barna for. Gi beskjed dersom barnet av ein eller annan årsak ikkje kjem i barnehagen ein dag. Blir barnet sjukt eller utsett for ei ulukke, og me ikkje får kontakt med heimen, tek me kontakt med lege eller helsestasjonen.

Høve til å kjøpa ekstra tid

Det er høve til å kjøpa ekstra dagar ved ledig kapasitet i barnehagen. Ved kjøp av ekstra dagar betalar ein kr. 370,- pr dag. Me gir ikkje søskenmoderasjon ved kjøp av ekstra dagar.

Hugseliste over klede som barnet treng i barnehagen:

Byteklede som:

Truser, trøye, strømpebukse/stillongs, bukse, genser, lue, vottar, sokkar

Varme klede som :

Ull/fleecebukse og genser, vinterdress, skjertif, lue, vottar + regnkledde og støvlar

De bør merka barna sine klede med namn.

Korleis ein kan ta kontakt med barnehagen

Dagleg kontakt med foreldra er ein viktig del av samarbeidet. Dette er viktig for å formidle beskjedar, og for at borna skal føla seg trygge.

Me brukar kommunikasjonsløysninga MyKid i kontakten mellom barnehage og føresette. Denne brukar me på pc, smarttelefon, nettbrett og i eigen app. Her har me meldingar til og frå føresette, frammøtereregistrering, løyve, sovelister, osb. me sender og noko informasjon på E-mail.

Ein står og fritt til å ringa til barnehagen kor tid som helst om det er noko ein lurar på eller har lyst til å diskutera. Ein må sjølvstundt også ta kontakt med personalet når ein er i barnehagen om det er noko ein har lyst å ta opp. Det kan vere lurt å snakka med den vaksne under fire augo slik at barna ikkje får med seg kva ein vil ta opp om det angår dei.

Telefonnummer til barnehagen er 91579322 eller 53655739

Telefonnummer til rektor/styrar sitt kontor er 53655730

Kva informasjon barnehagen gir ut og korleis

Kvar haust gir me ut ein **informasjonsfoldar** og ein **årsplan**. Årsplanen er målretta og vert skrive for kvart år. Den er eit styrande dokument som blir evaluert og utvikla. Den seier noko om kva vi ynskjer å oppnå, kva ein vil gjennomføra og korleis ein vil leggja til rette.

Me lagar periodeplan/ månadsplan som seier noko om kva me skal jobba med dei månadene som kjem. Desse skriv me inn i kalenderen i MyKid. Vidare brukar me bilete som dokumentasjon og informasjon og har fortløpande kontakt med føresette på MyKid.

Munnleg informasjon blir gitt til foreldrene i bringe- hentesituasjonen. Dei får og informasjon gjennom foreldremøter- og samtalar.

Tradisjonar og merkedagar

Når nokon i barnehagen vår har bursdag heiser me flagget og heng opp bilete på døra inn til avdelinga slik at alle får sjå kven som skal feirast. Bursdagsbarnet får krone, blir gynga i teppet og me syng bursdagssang. Barnet vel eit eventyr som me les.

I tida før jul brukar vi mykje tid på å formidla juletradisjonar og julebodskapen. Kvart år er me invitert på Julevandring i Kyrkja. Andre tradisjonar er bl.a. Luciafeiring, nissemarsj, grautfest, besøk av nissen i skogen, og julefrukost der me inviterer foreldra.

Påsken markerer me med å formidla påskebodskapen, har påskelunsj og får besøk av påskeharen. Kvart år er me invitert av Kateketen på påskevandring i kyrkja Me gjer og barna merksame på alt det nye livet som kjem i naturen om våren.

Årshjul med planleggingsdagar og feriar

Nytt barnehageår starta opp igjen 15 aug. 2022.

Barnehagane er stengde på lovfesta offentlege heilagdagane og fridagane samt jule- og nyttårsafta.

Onsdag før Skjærtorsdag stenger barnehagane kl. 12.00.

I løpet av barnehageåret held barnehagane stengt fem planleggingsdagar.

Desse blir kvart år fastsette i barnehageruta.

Juli er betalingsfri måned.


15.08.22	Oppstart av nytt barnehageår
September	Oppfølgingsamtale med foreldra til nye barn.
Sept./oktober	Foreldrerådsmøte og foreldremøte. Foreldrerådet vel nye foreldrerrepresentantar til SU. Barnesamtalar med skulekameratane.
Måndag 19.09.22	Planleggingsdag nr 1 (bhg er stengt)
Okt/ november	Foreldresamtalar
Fredag 11.11.22	Planleggingsdag nr 2 (bhg er stengt)
Desember	Luciafeiring, julefrukost, nissemarsj til butikken, grautfest, nissebesøk i skogen
Februar/mars februar	Karneval Markering av Samefolkets dag måndag 06.02.
Måndag 23.01.23	Planleggingsdag nr 3. (bhg stengt).
April	Barnesamtalar med skulekameratane Konferansar for skulekameratane, tilbod om konferansar for dei andre barna etter behov.
Mai	17.mai-øving i barnehagen. Aktivitetsdag. Vårfest med besøk av besteforeldre eller andre Foreldremøte etter behov.
Fredag 19.05.23	Planleggingsdag nr 4 (bhg er stengt)
Juni	Avslutning for skulekameratane
Juli	Sommarstengt i veke 29 og 30
Fredag 14.08.23	Planleggingsdag nr. 5. Siste dag dette barnehageåret.

Feriar:

Alle barn har rett på fire ferieveker. 3 veker må takast samanhengande i perioden 15.juni – 15.august. Styrar kan gjere unntak frå dette i særlege høve. Barnehagen skal ha melding om kva tid barnet skal ha sommarferie innan 1.mai.

Den siste ferieveka kan takast når som helst i barnehageåret, og den kan etter ønskje delast opp. Barnehagen skal likevel ha melding om når barnet skal ha evt. feriedag seinast 2 veker på førehand.

Kommunen kan stengje barnehagar om sommaren, i enkelte veker, når talet på barn som nyttar barnehagen er lågt. Det vil bli gitt eit kommunalt barnehagetilbod som foreldre, etter søknad, kan nytta for sine barn i desse vekene.



BTI Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Vindafjord kommune

“Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimane ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfalda skaparglede, undring og utforskartrng. Dei skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverd. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.

(Barnehagelova §1, endra 01.08.2010).

Vindafjord kommune brukar nå BTI- modellen. Dette er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller uro til. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikra heilskapleg og koordinert innsats, utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning og medverknad.

BTI er ein samhandlingsmodell, som er illustrert gjennom fire nivå frå 0 til 3, sjå figuren under.

Denne viser at det tverrfaglege samarbeidet kan vera meir eller mindre omfattande og involvera få eller mange tenester eller instansar. Inndelinga i nivå og kompleksitet i samarbeidet er illustrert med puslespillbrikker, der kvar og ein er nødvendig med tanke på heilskapleg og koordinert innsats.

Nivå 3: Eit bredt samarbeid som har med mange aktørar. Barnevern eller andre tenester kan vere involvert

Nivå 2: 2 eller fleire aktørar involvert. Viktig at det blir jobba med same målsetjing og at alle veit kva andre gjer.

Nivå 1: Innsatsen har 1 aktør, for eksempel barnehage, skule eller helse.

Nivå 0: Undring og tilrettelegging. Samtale med barn og føresette.

Det er god info og handlingsretteiar om BTI på:

<https://vindafjord.betreinnsats.no/>

3. Føremål og verdi-grunnlag

Barnehagen sitt føremål

Barnehagen skal byggja verksemda på dei etiske grunnverdiane som er forankra i kristen og humanistisk tradisjon, og som er venta å ha ei brei oppslutnad i befolkninga i Noreg. Desse grunnverdiane finn me òg i dei fleste andre religionar og livssyn, t.d. nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet.

Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehagen byggjer arbeidet på følgjande grunnleggjande verdiar:

fellesskap, omsorg og medansvar. Me skal her representera eit miljø som byggjer opp respekt for menneskeverd og retten til å vera ulike. Dette vil me skal komma til uttrykk gjennom at me legg sentrale samfunnsverdiar som menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom og toleranse til grunn for omsorg, oppseding, leik og læring.

Likestilling mellom kjønna skal visast igjen i barnehagen sin pedagogikk. Personalet i barnehagen skal reflektera over eigne haldningar og samfunnet sine forventningar til gutar og jenter, slik at ein kan oppdra barn til å møte og skapa eit likestilt samfunn.

I dagleglivet i barnehagen skal me arbeida for å fremja forvaltaransvaret for natur og kultur og ansvaret for livet og helsa til andre menneske.

Personalet har som rollemodellar eit særleg ansvar for at barnehagen sitt verdigrunnlag blir etterlevd i praksis. Refleksjonar over eigne verdiar og haldningar bør difor gå inn i personalet sine pedagogiske drøftingar.

4. Innhaldet i barnehagen - omsorg, leik og læring

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig og variert, og skal utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar. Samtidig skal innhaldet støtta språkleg og sosial kompetanse gjennom felles opplevingar og samvær.

Barn bør få oppleve at digitale verktøy kan vera ei kjelde til leik, kommunikasjon, påfyll av kunnskap og læring. Arbeidsmåtene og innhaldet må sjåast i samanheng.

1. januar 2021 fekk barnehagen eit nytt regelverk for barnehagemiljøet. Den nye lova skal sørge for og sikre at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Alle som jobbar i barnehagen må følge med på at barna har det bra. Hvis ein vaksen veit om, eller trur at eit barn blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han då alltid:

- Gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong.
- Sei ifrå til styrar i barnehagen.
- Undersøke kva som har skjedd.
- Sette inn tiltak, og lage ein plan for å sørge for at barnet får eit trygt og godt barnehagemiljø.

Omsorg og oppseding

I vårt pedagogiske arbeid vil me legge vekt på omsorg, leik, samspel, glede og barn sin rett til medverknad.

Me har tru på at all utvikling skjer i relasjon til andre og at det er kvaliteten i samspelet som gir grunnlag for utvikling. Det vil sei at me har den haldning at barn sine opplevingar og erfaringar er like verdifulle som dei vaksne sine. Dette inneber grunnleggjande respekt for barn og barndom og set barn sine opplevingar i fokus.

I kvardagen vil dette spegla seg i at barna sine initiativ og medverknad vert tatt på alvor slik at dei får ei reel moglegheit til å påverke sin eigen kvardag. Dette kan vere frå å dekkja bord, bestemma turar og til større prosjekt som kan vare over tid.

Dei vaksne har ansvar for å la alle barn få moglegheit til medverknad ut i frå føresetnader, ynskjer og behov.

Som oppdragar har ein også ein rolle som grensesetjar. Me meiner barn har behov for grenser for å kunne utvikla seg og verta trygge. Me vil leggja vekt på å ha ein anerkjennande veremåte, vere tydelege vaksne i samspelet. Den vaksne må og visa empati og ha realistiske krav ut i frå barna sin alder og utvikling.

Med så mange barn saman som i ein barnehage vil det av og til oppstå konflikhtar og krangling. Dei vaksne får då rolla med å rettleia barna med mål om å løysa konflikhtar.

For at barn skal kunne utvikla evne til å løysa konflikhtar på ein konstruktiv måte, vert dei vaksne også her viktige modellar.

Dialogen vil stå sentral, og det vil vere av stor tyding at begge partar i konflikten får moglegheit til å setja ord på sine egne opplevingar av kva som

*«Årsplanen skal mellom anna visa korleis barnehagen arbeida med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjera»
(Rammeplanen s.38)*

Barnehagen har ei aktivitetsplikt, den er regulert gjennom barnehageloven:

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

skjedde. På denne måten vil barna lære å sette seg inn i andre sin situasjon, sette ord på sine egne kjensler, og i denne prosessen få nye erfaringar.

Framfor alt vil me vere gode rollemodellar. Med dette meiner me å vere vaksne som set grenser, gir omsorg, tryggleik og varme. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prega alle situasjonane i kvardagslivet i barnehagen.

Leik

Leiken er det som gir barna best grunnlag for å utvikla sosial kompetanse. Sosial kompetanse er både ein føresetnad og ein konsekvens av leiken.

Dette tyder at vi må legge til rette for leik i barnehagen. Me vaksne må ha respekt for barna sin leik og fridomen i leiken. Det vil sei at barna må få nok plass og uforstyrra tid til at god leik kan utvikla seg.

Barna treng godt og variert utstyr og leiker både ute og inne. Me vaksne må gi barna opplevingar, forteljingar og nye erfaringar for å utvikla leiken. Me har valt å vere mykje ute i Vikebygd barnehage då me ser at uteliv gir høve til allsidig leik.

Observasjon av leik er viktig. Det er fint at me veit kven som kan leike, kven som treng hjelp for å koma i gang, om det er nokon som styrer mykje og om det er nokon som ikkje får vere med. Det har også vist seg at leiken har betre føresetnader med ein vaksen i nærleiken. Barna føler seg tryggare når dei ser ein vaksen, og det blir ikkje så lett den sterkaste sin rett som gjeld.

Læring

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtta barna sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, dugleikar og ferdigheiter.

Me vil ha barn som leiker, har tru på seg sjølv og sine handlingar, som tar initiativ, er delaktig og medverkande i barnehagedagen.

Læring skjer i alle situasjonar i barnehagen, strukturerte aktiviteter, frileik, i her - og no hendingar og planlagde aktivitetar, i samspel barn - vaksen og barn – barn. Det skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært saman med leik, oppseding og omsorg. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på ulike område. Vår oppgåve er å gje barn ulike erfaringar og opplevingar som dei lærer noko av. Me må møte dei på ein undrande og utforskande måte slik at det danner grunnlag for eit aktivt og utviklande læringsmiljø i barnehagen. For at læring skal finna stad er det viktig at me legg til rette for å skapa gode relasjonar.

Sosial kompetanse

I rammeplan for barnehagen set ein sosial kompetanse på dagsorden som eit svært sentralt utviklings- og læringsområde for barn under skulepliktig alder.

For å forklara kva ein meiner med sosial kompetanse støttar me oss til Kari Lamer som deler sosial kompetanse inn i fem hovudområder:

1. Empati og rolletaking:

- leva seg inn i i andre menneske sine følelsar.

2. Prososial atferd:

- Positive holdningar og handlingar som til dømes hjelpa andre, dela, oppmuntra og visa omsorg. Dei er frivillige og har til hensikt å vere til nytte for andre.

3. **Sjølvkontroll:**

- Kunne utsette egne behov og ynskjer i situasjonar som krev turtaking, og handtering av konflikhtar.

4. **Sjølvhending:**

- Ta initiativ i høve til andre i samtalar, leik og felles aktivitetar.

5. **Leik, glede og humor:**

Å føla glede, kunne slappa av, spøke og ha det moro. Kunne tre ut og inn i leiken, og involvera seg heilt og fritt i han.

Når vi fokuserer på sosial kompetanse ynskjer vi at barna skal:

- Bry seg om kvarandre.
- Ta vare på kvarandre
- Reagere på urett.
- Lytte til andre.
- Melde behov.
- Ta initiativ.
- Leike.
- Få vener.
- Vise høflighet.
- Ha det kjekt.
- Finne kreative løysingar i samspel.

Det som har størst betydning i løpet av barnehagedagen er kva barn lærer gjennom samspel med andre barn og vaksne. I dette samspelet vil den vaksne si rolle ha stor betydning.

Språkleg kompetanse

Barnehagen skal sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for egne kjensler og tankar.

Felles opplevingar og aktivitetar gir eit rikt høve til kommunikasjon barn - barn og barn - vaksne. Me vaksne i barnehagen er viktige som språklige modellar. Samtalar om felles opplevingar, om laust og fast, høgtlesing, forteljingar, songar, rim og regler og språkleiken BRAVO er mellom anna komponentar som er med å leggja til rette for eit rikt språkleg miljø i barnehagen vår.

Barna skal bli kjende med nynorsk språk og dialekt, i mellom anna songar, rim og regler. Dette styrkjer utvikling av eigen identitet. Dei skal få ta del i formelle språkgrupper, og opphalda seg i eit miljø som er språkrikt og språkstimulerande.

Med auka språkleg kunnskap blir barna betre førebudde til skulestart

Barnehagen som kulturarena

Barnehagen skal formidla verdiar og kultur, gje rom for barna si eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen vår er ein viktig arena for å utvikle kulturell identitet, og er open for impulsar frå den lokale, regionale, nasjonale og globale verda.

Me legg også til rette for at barna skal få skapa sin eigen "barnekultur" . Barn tolkar inntrykka sine og skaper meining ved å leike og gi form til det dei er opptekne av.

I Vikebygd barnehage er me også einige om å ta del i kulturen i nærmiljøet, gjennom formidling av tradisjonar, møte med bygdefolk og organisasjonar.



5. Fagområda

Kommunikasjon, språk og tekst



Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Kommunikasjon går føre seg i samspel mellom fleire aktørar, og kan vere både verbal og nonverbal. Me samtalar mykje om opplevingar, tankar og kjensler for å utvikla eit rikt og nyansert språk. Me brukar rim, regler, songar, dikt og ulike tekstar i arbeidet med språket. I tillegg har me leseklub/språkgrupper.

Me brukar "Snakkepakken" og BRAVO i samband med samlingsstund. Kartleggingsverktøyet TRAS (tidleg registrering av språkutvikling) vert brukt til observasjon og kartlegging av språket. Dette skjemaet vert overført til skulen ved skulestart.

Kropp, bevegelse og helse

I småbarnsalderen tileignar barn seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barn er kroppsleg aktive og dei uttrykkjer seg mykje med kroppen. I barnehagen vår har vi fokus på eit sunt og godt kosthald.

Me brukar naturen rundt oss til ulike motoriske og sansestimulerande opplevingar både på tur og i barnehagen sitt uteområde.

Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal gi barna høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølve å uttrykkja seg estetisk. Mange av dei estetiske aktivitetane knytt til forming, musikk, dans og drama i barnehagen oppstår spontant, ved teikning, måling, konstruksjonsleik, rolleleik, song, samlingsstund osv.

Vidare har me faste aktivitetar i løpet av månaden der me eksperimenterar med ulike materiale, syng, dansar, har rollespel, brukar musikkinstrument osv.

Natur, miljø og teknikk

Rammeplanen legg og vekt på tydinga av barna sin leik og opplevingar ute i naturen. Det forventast at barna skal få oppleve friluftsliv og uteaktivitetar til alle årstider, noko som også er ein viktig del av den norske turkulturen.

I Vikebygd barnehage har me eit flott uteområde og me prioriterer uteleik og uteliv.

Denne prioriteringa veit me vil ha positive konsekvensar for barnet si utvikling. Det er eit mål for oss at barna skal få ei gryande forståing for økosystema i naturen og kor viktig ei berekraftig utvikling er.

Barnehagen nyttar lavvoen minst ein gong i veka. Her har me grupper med ymse aktivitetar, lagar måltid og nytta naturen rundt lavvoen.

Elles prioriterer me å ha med smågrupper på korte og lengre turar. Me lagar mat på bål eller stormkjøkken, eller har med matpakke. Me snakkar om og undrar oss over livet i naturen og gir barna forståing for planter dyr, landskap, årstider, ver, miljøvern og samspelet i naturen.

Etikk, religion og filosofi

Dette fagområdet er med på å forme måten me oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. Me jobbar for at barna skal utvikla toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til kvarandre, uavhengig av den kulturelle og religiøse eller livssynsmessige tilhørsla.

"Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. (Rammeplanen s.47)

Nærmiljø og samfunn

Me i barnehagen skal bidra til at barna møter verda utafor familien med tillit og undring. Me skal leggja vekt på å styrka kunnskapen om og tilknytninga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Dette skal me oppnå med å bruke nærmiljøet på tur, bruke nærbutikken når me handlar saman med barna, besøke arbeidsplassar og bedrifter i området og fortel segner og soger med lokal tilknytning. Me samarbeide med skulen og er kvart år med på kulturettermiddag og har same lokale tema som dei har. Våren 2023 skal me ha om Vindafjord kommune.

Me skal også gi barna kunnskapar om samane som urfolk i Noreg.

Antall, rom og form

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Me ynskjer at barna gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar skal utvikla sin matematiske kompetanse. Me vil leggja til rette for allsidige erfaringar med tal, mønster og former, storleikar og mål, plassering og orientering, og nytta gode matematiske omgrep. Mykje av denne læringa skjer i ustrukturerte læringssituasjonar som oppstår her - og no.

6. Satsingsområde

Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er, i korte trekk, kompetanse ein har som handlar om samhandling mellom menneskjer i ulike situasjonar. I Vikebygd barnehage skal me jobba kontinuerleg om å skapa positive relasjonar mellom barna, og mellom barn og vaksne. Me skal vera gode med kvarandre, og få oppleva at ein blir satt pris på av andre.

Kommunikasjon, språk og tekst.

Vikebygd barnehage vil i år ha ekstra fokus på fagområdet i rammeplanen som heiter: *Kommunikasjon, språk og tekst.*

Me vil ta utgangspunkt i problemstillinga: «Korleis kan barnehagen bidra til at kvart enkelt barn vidareutviklar omgrepsforståing og evne til kommunikasjon best mogleg?»

Me er opptatt av at alle skal få uttrykke seg, og at alle barn skal bli høyrd. Gjennom samtalar, fortellingar, song, rim, mm. skal borna få oppleve å verta ein del av fellesskapet i barnehagen. Me vaksne i barnehagen skal vera språklege forbilde og bidra til at barna leikar med språk og tekst. Me skal støtta, leggja til rette og hjelpa dei barna som har sein språkutvikling, er lite språkleg aktive eller har ulike former for kommunikasjonsvanskar. Kommunikasjon har stor innverknad på barna si utvikling i samspel med andre, og er viktig for å skapa livsmeistring hos barna

Me vil leggje stor vekt på å inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar og me vil sjå til at alle barna får møte eit mangfald av ulike bøker, forteljingar, eventyr og segner. Me vil leggje til rette slik at alle får oppleve spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtalar.

Me har også heile tida naturen som prioritert område og vil gjennom heile dette barnehageåret ha ekstra fokus på fuglar. Dette vil me dra inn i arbeidet med språk og tekst og t.d. bruke bøker, forteljingar, songar, dramatisering, bilde osv.med fuglar.

7. Overgang barnehage – skule

Overgang skule og barnehage – våren 2023

I **januar** får alle som skal starte på skulen til hausten tilsendt eit innskrivings skjema. Der ber me om opplysningar me treng for å førebu ein god skulekvardag for kvar einskild.

16.mai 2023 vil barnet bli invitert - saman med foreldre/føresette - til å vera nokre timar på skulen. Det blir då fellessamling, leik saman med 1. og 2. klasse og innskrivingsfest.

Det vert og eit møte for foreldra og rektor denne dagen.

I juni vil førskulebarna ha ein førskuledag saman med elevane som går i 1. klasse.

I juni har pedagogisk leiar i barnehagen, kontaktlærer for 1. klasse til hausten og rektor overføringsmøte. Der går ein gjennom TRAS og ALLE MED skjema og samtalar om kvart einskild barn som skal starte på skulen. PPT kan og vere med på dette møtet. Foreldra kan vera med på dette møtet om dei ynskjer det, då må foreldra melda frå til pedagogisk leiar på førehand.

I **august** vil foreldra bli inviterte til foreldremøte på skulen.

“Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, eventuelt skulefritidsordning. (Rammeplanen s.33)

8. Planlegging og medverknad

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova § 1 og 3. (Rammeplanen s.27)

Årsplanen er målretta og vert skrive for kvart år etter mal frå kommunen. Den er eit styrande dokument som blir evaluert og utvikla. Den seier noko om kva me ynskjer å oppnå, kva me vil gjennomføra og korleis me vil leggja til rette.

Vidare skriv me periodeplan eller månadsplan for månadane som kjem. Me legg planar for ulike aktivitetar som skal gjennomførast i løpet av året, for gruppedeling, for deling av personalet og for korleis me vil jobba med dei ulike fagområda i Rammeplanen.

Barn sin rett til medverknad

Oppleringa av å meistre er viktig, om ein er vaksen eller barn.

Å meistre ei oppgåve eller ein jobb, eller å få prøvd ut eigne idear gir god sjølvtilitt. Ein føler seg tydingsfull og ein får konkrete erfaringar.

Ved å arbeide med barn sin rett til medverknad ynskjer me å leggja til rette kvardagen slik at kvart barn får moglegheit til å vere delaktig ut frå eige mesitringsnivå.

Å verta sett, ”tatt med på laget” av andre barn og vaksne, å verta lytta til og få moglegheit til å dele opplevingar, er viktige perspektiv i dette arbeidet.

Å arbeide med medverknad inneber også å:

* vidareføra barna sitt initiativ gjennom små og meir strukturerte prosjekt

- * gjennomføring av barnesamtalar
- * ta med på råd i situasjonar som oppstår her - og no

Å arbeide med barn sin medverknad må sjåast som eit ledd i å utvikle barn sin sosiale kompetanse. Ved at barna utviklar medvit rundt dei små val og avgjersler som tas, og det å få prøvd ut eigne idear i samarbeid med andre, gir dette eit godt grunnlag for utvikling av identitet og sjølvkjensle.

Også foreldra får høve til å vere aktivt med på å planleggje innhaldet i barnehagen, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Me legg og opp til drøfting av barnehagen sitt innhald på foreldremøte.

”Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda» (Rammeplanen s.39)

9. Dokumentasjon

Læringa til barna og arbeidet til personalet skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over barnehagen sitt verdigrunnlag og oppgåver og barnehagen som arena for lek, læring og utvikling.

Vikebygd barnehage vil dokumentera verksemda si på denne måten:

- Me evaluerer periode/ månadsplanen.
- Bilete gir god dokumentasjon av dagen i dag, av aktivitetar og opplegg.
- Gullkornbok kor me skriv ned fine ord og setningar som barna seier til kvarandre eller dei vaksne.
- Ferdaskrinet som me har i barnehagen er ein perm som fylgjer barnet frå barnehagestart til skuleslutt. Her har me ei fast ramme for innhaldet, og det er blant anna bilete, mestringsopplevingar, teikningar og arbeid som er gjort på avdelinga.
- 6-åringane får om våren med seg heim ein perm som syner alt dei har jobba med på skulekameratane det siste året i barnehagen.
- ”Tras” og ”Alle med” gir dokumentasjon av barna si læring og utvikling og blir brukt alle åra barna går i barnehagen. «Alle Med» blir brukt individuelt for kvart enkelt barn, og «Tras» blir brukt individuelt eller i grupper. Om hausten tar skulekameratane ei kartlegging som heiter «Begrepsforståelse». Då kan me sjå kva begrep me bør jobbe meir med.
- Produkt som barnet lagar, kan òg bli vist fram eller tatt med heim, som god handfast dokumentasjon på kva som er gjort.
- Opplegg med dei sju fagområda vil me for eigen del dokumentera etter kvart som me har opplegg og aktivitetar i grupper eller i fellesskap. Dette blir på same tid ei fortløpande evaluering.
- Referat frå møta våre er dokumentasjon for arbeidet med planlegging og pedagogisk ståstad.

10. Vurdering

Rammeplanen seier at me skal evaluera arbeidet me gjer. Me skal sjå på kva som gjekk bra, og kva som ikkje fungerte. Kva var grunnen til at det evt. ikkje fungerte, og korleis kan me gjera det betre?

Vikebygd barnehage evaluerer slik:

Kva tid	Kven er med	Kva blir evaluert
Personalmøte ca. 5. kvar veke.	Personalet	Evaluering av opplegg og aktivitet. Pedagogisk grunnsyn.
Planleggingsdagar 5 i året.	Personalet	Årsplanarbeidet haust og vår Satsingsområda våre.

«Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen» (Rammeplanen s.38)

Avdelingsmøte 2. kvar veke	Tilsette på avdelinga	Opplegg, aktivitet, kvardagen satsingsområde
Pedagogmøte 2. kvar veke	Pedagogiske leiarar og styrar	Opplegg, aktivitetar, utviklingsarbeid, satsingsområde
Kvar haust	Samarbeidsutvalet	Årsplanarbeidet haust og vår
Kontinuerleg direkte til oss eller via foreldrerepresentant.	Foreldra	Dagsrytme, opplegg, aktivitetar, kva som helst. .
Etter ønskje	Foreldrerådet (alle foreldre)	Kva som helst
Kontinuerleg	Barna (direkte og indirekte)	Opplegg og aktivitet. Kva barna seier og gir uttrykk for kan gi oss viktige peikepinnar
Haut og vår	Barnesamtalar med skulekameratane	Korleis opplever barna kvardagen i barnehagen?

11. Samarbeid

Samarbeidsutvalet

Består av representantar frå foreldregruppa, tilsette og kommunen. Samarbeidsutvalet sine hovudoppgåver er å vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Kommunen kan bestemme at det skal vere felles samarbeidsutval for kommunal barnehage og grunnskule. Ved Vik skule og barnehage er dette felles. Representantane vert valde for eit år om gongen. Funksjonstida for eventuelle eigarrepresentantar vert fastsette av eigar. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Samarbeidsutvalet skal ha kjennskap til og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, verksemd og tilhøve til foreldra. Slike saker er mellom anna forslag til budsjett, endringar i drifta, nytting av arealet ute – og inne.

Foreldrerådet

Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal verta førelagt og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Ved avstemming i foreldrerådet har kvart barn ei stemme, og vanlege fleirtalsvedtak gjeld.

Sentrale samarbeidspartnarar

-Dei andre barnehagane i Vindafjord Kommune. Me får tips og idear av kvarandre. Har felles planleggingsdagar, kurs og fagmøter.

-Vik skule. Dei eldste barna i barnehagen blir invitert med på ulike DKS-tilbod som kjem til skulen. Barnehagen invitere skuleungane på besøk. Kvar vår får 6-åringane i barnehagen komma på besøk på skulen for å bli kjende med dei andre barna, klasserom og lærarar, me bruker skulebiblioteket og skuleungar har lesestund med barnehagebarna. Alle barn som startar i barnehagen får ein perm - "Ferdaskrinet" fylgje barna frå barnehagen og over i skulen. Denne permen får eleven med seg heim når han går ut av

*«Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte»
(Rammeplanen s.30)*

skulen.

-Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Me har fast PP-kontakt som er i barnehagen og på skulen ein gong i månaden. Me har då utviklingsarbeid, går gjennom og drøftar testmateriell drøftar enkeltsaker osb. Barnehagen hentar alltid inn skriftleg eller munnleg løyve før namngjevne saker blir drøfta.

-Helsestasjonen

Me har nå fast helsesjukepleiar som er kontaktperson i vår barnehage. PP-kontakt, helsesjukepleiar og styrar har samarbeidsmøte 2 gonger kvart halvår. Elles er helsesjukepleiaren på eininga etter avtale. Barnehagen hentar alltid inn skriftleg eller munnleg løyve før namngjevne saker blir drøfta

-Barne- og familierettleiar og psykisk helse team for barn og unge i kommunen

Andre sentrale arenaer for samarbeid og utvikling

Kommunen ivaretar den totale drift av barnehagen, medan einingsleiar har ansvaret for drifta.

For å sikre god kvalitet og utvikling av barnehagen er evaluering ein viktig del av arbeidet.

Det er av stor betydning at brukarane (barn og foreldre) er med i denne prosessen.

Viktige arenaer for dette er:

- * Foreldremøter/- konferansar
- * Barnesamtaler

Ved å ha regelmessige evaluering vil ein ha moglegheit til å endra innhald, arbeidsmetode slik at ein på best mogleg måte når dei mål som er sett:

Viktige arenaer for dette er:

- * Planleggingsdagar
- * Personalmøter
- * Leiarmøter
- * Avdelingsmøter

Teieplikt

Alle som jobbar eller har praksis i barnehagen har teieplikt med omsyn til tilhøve ein vert kjend med i arbeidet, i følge Lov om barnehager § 21. Det er kun barna sine foreldre og barneverntenesta som kan oppheve dei tilsette si teiepli

